



Innovasjonspartnerskap på steriltforsyning

Innovasjonspartnerskapet ved Sterilsentralen på Haukeland skal sørge for at vi saman med næringslivet finn ei sporingsløyising for kirurgiske instrument.

Innovativ anskaffing

I eit innovasjonspartnerskap går offentlige og private verksemdar saman for å utvikle heilt nye løysingar i offentlig sektor. Prosjektet ved Kirurgisk Serviceklinikk (KSK) er tildelt NOK 8 mill. frå Innovasjon Norge til å gjennomføre ein innovasjonsprosess mot relevante leverandørar for å løyse utfordringar som i dag ikkje finnast i marknaden. Problemstillinga er: «Korleis få sporing og overvaking på kirurgisk utstyr i norske sjukehus?».

Behovet og prosjektet

For å sikre totalovervaking av kirurgiske instrument gjennom heile steriltforsyningskjeda, trenger vi teknologi som gjer oss i stand å vite til kvar og ein tid kor utstyret er. Samtidig må teknologien tåle å bli utsatt både for varme, damp, vann og kjemiske prosessar. Sporing av slikt utstyr vil ha store gevinstar med omsyn til pasient-sikkerheit, økonomi, betre operasjonsplanlegging og meir samhandling og utlån mellom sjukehus.

Prosjektet byrja i november 2018 og er nå i behovsfasen. I 2019 vil ein gå i dialog med aktuelle bedriftar, for så å lyse ut ein konkurranse for å finne ein eller fleire leverandørar som skal teste og utvikle ei sporingsløyising i tett samarbeid med sjukehuset.

Finansiering

NOK 8 mill frå Innovasjon Norge

Tildelt NOK 1,2 mill. i Helse Vest innovasjonsmidlar

Samarbeidspartnarar

Sykehusinnkjøp, Sykehuspartner, Sykehuset Østfold, Helse Vest IKT, Nasjonalt program for leverandørutvikling, Innovasjon Norge

Prosjektleder

Viviann Torvund Danielsen

E-post: viviann.torvund.danielsen@helse-bergen.no

